


Kommunane i «Dugnad for auka deltaking»

Kan kommunane vise veg til frivillige lag og foreiningar og bidra til auka deltaking?

[Frivillighet Norge](#) er samarbeidsforumet for frivillige organisasjonar i Norge og vil bidra til auka deltaking, større mangfald og å gjere frivilligheita meir synleg. Kommunen har ei viktig rolle for å legge til rette, slik at dei som ynskjer det kan delta og bidra i frivillige organisasjonar der dei bur.

I samarbeid med fylkeskommunen tilrår vi kommunane å

- bruke «[Veileder for økt deltakelse](#)» i opplæringa av offentleg tilsette som skal leggje til rette for deltaking i frivillige organisasjonar. Dette kan vere frivilligkoordinatorar, folkehelsekoordinatorar, og dei som jobbar med kultur, oppvekst, idrett, friluftsliv og frivillighet
- dele rettleiaren med den nye politiske leiinga i kommunen og lokale lag og foreiningar



Frivillighet Norge har utvikla ulike gratis verktøy for auka deltaking i frivillige organisasjonar. Desse kan kommunane spreie til lokale lag og foreiningar, til offentleg tilsette og til befolkninga.

- [Ungfritid.no](#) og [støttesida](#) for deltaking i fritidsaktivitetar for barn og unge. (Ungfritid.no kan [leggjast til](#) med kommunesøk på aktuelle nettsider i kommunen eller på skulane sine nettsider.)
- [Frivillig.no](#) for rekruttering av nye frivillige til lokale lag og foreiningar.
- [Frivillighetens kalender](#) for arrangement i frivillige organisasjonar.
- [FN dagen for frivillig innsats den 5 desember](#) bør markerast i kommunane.

Ungfritid.no

frivillig.no

 Frivillighetens
kalender

 Frivillighetens
dag

God folkehelse og godt samarbeid mellom sektorane.

«Fylkeskommunen skal understøtte folkehelsearbeidet i kommunene og fylkeskommunen skal være pådriver for og samordne folkehelsearbeidet i fylket, for eksempel gjennom partnerskap»
[Folkehelseloven](#)

Vi har eit felles mål om å auke deltakinga i frivillig sektor. Det gjev positive effektar som bidreg til å løyse dei store samfunnsutfordringane. Vi er samde om at deltaking i frivillige organisasjonar

- bidreg til å redusere sosial ulikskap
- bidreg til integrering og inkludering
- gjev tilgang på møteplassar og fellesskap
- skapar opplevingar, læring og meistringsarenaer
- styrkar demokratiet, organisasjonane og lokalmiljøet

For ein meir mangfaldig frivillig sektor finst det verktøy på [Inkluderingskoden.no](#).

Frivillighet Norge sin [samarbeidsplattform](#) med KS dannar grunnlaget for samarbeidet vårt med offentlig sektor. Arbeidet bygger på prinsippa for [god kommunal frivilligpolitikk](#) og på intensjonsavtalane våre med fleire fylkeskommunar. Har ikkje din kommune utvikla heilskapleg frivilligpolitikk? Frivillighet Norge kan bistå i å fasilitere innspel frå og dialog med frivillige lag og foreningar i kommunen din. Sjå [samhandlingkoden.no](#) for meir informasjon.

Vi ønskjer at fleire får kjennskap til den nye rettleiaren og gratis verktøy for auka deltaking.

Med venleg helsing

Vanja Konradsen, prosjektleiar auka deltaking - vanja@frivillighetnorge.no

